



Dagfinn Sortvik Grymyr  
Bruvegen 34  
5914 Isdalstø

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/3462 - 23/49494

Saksbehandlar:  
Anngunn Marie Gullbrå  
anngunn.gullbra@alver.kommune.no

Dato:  
21.06.2023

## Melding om registrert bygg unntatt søknadsplikt/ drivhus - gbnr 188/288 snr 34 Gjervik ytre

Kommunen har registrert ferdig oppsatt bygg i matrikkelen etter opplysningar i innsendt melding frå deg. Meldinga har vore vurdert av byggesaksavdelinga og sendt over til avdelinga for kart og oppmåling for registrering.

Bygget er plassert ca i kart ( fasadeliv) og bygningsopplysningane er registrert i bygningsdelen i matrikkelen. Det står at det er tilbygg, men kartet viser frittstående bygg, og er registrert som det. Gje tilbakemelding dersom dette ikkje er rett.

Bygg mindre enn 12 m<sup>2</sup> treng ikkje registrerast i matrikkelen, men dette er no lagt inn som bygg unntatt søknadsplikt. Det er registrert med bygningstype garasje/uthus/anneks til bustad, då bygningstypen veksthus berre skal brukast ved store drivhus/næringsbygg. Bygget er registrert på gbnr 188/288 då det ikkje er råd å registrera på seksjonsnummer utan eksklusivt areal på grunnen.

Bygget vil verte meir nøyaktig innteikna etter neste ny-kartlegging.



Ved denne registreringa av bygg/tilbygg utan søknadsplikt i kart og matrikkel, etter Plan- og bygningslova (PBL) §20-5, er det ikkje vurdert om oppsett bygg/ tilbygg oppfyller vilkåra for fritak frå søknadsplikt. I slike saker er det byggherre sitt ansvar å kontrollere at alle vilkår for å byggja unntatt søknad er til stades.

Registreringa i matrikkelen inneber då heller ikkje noko godkjenning av bygget etter PBL.

Vedlagt er matrikkelrapport som viser kva opplysningar som er registrert om bygget/tilbygget.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Kart og oppmåling

Anngunn Marie Gullbrå  
avdelingsingeniør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

188-288 bygg unntatt søknadsplikt

**Kopi til:**

Øyvor Haldis Larsen	Bruvegen 44	5914	Isdalstø
---------------------	-------------	------	----------

**Mottakarar:**

Dagfinn Sortvik Grymyr	Bruvegen 34	5914	Isdalstø
Liv Dale Grymyr	Bruvegen 34	5914	Isdalstø